

Årsmelding 2018

4H Norge

4 ❁





4h.no



Tradisjonell aktivitet, men også framoverlent

4H Norge har gjennom 2018 hatt stor aktivitet i alle landets fylker. Vi har gjennomført styreopplæring til godt over 3000 ungdommar. I tillegg sitter 3200 ungdommar i valte tillitsverv i hele organisasjonen. På denne måten utviklast demokratiet og engasjementet til barn- og unge over hele landet. Vi er stolte over å vise frem dette engasjementet, og ikkje minst kva disse ungdommane representerer ute, i ulike styreverv. Vi markerer oss sterkt i samfunnsdebatten, og vi har ved fleire anledningar deltatt i viktige debatter og høyringar på Stortinget. Landsstyret har vært med å sette frivilligheit ens vilkår på agendaen, og politiske parti har invitert oss til dialog. Dette vitnar om reflektert ungdom som er aktivt deltakande i samfunn og samfunnsdebatt. 4H Norge er opptatt av å legge til rette slik at fleire barn- og unge kan få delta i frivilligheit og i organisasjonar på fritida.

I juli arrangerte vi 4H-landsleir på Øksnevad

i Rogaland med over 1000 4H-ere. Rogaland fylke viste veg med mange spektakulære naturopplevingar og spennande aktivitetar, der leirdeltakarar fekk «lære ved å gjere.» Lage sjokolade, ulike sportsaktivitetar, dyrekurs og naturbruksaktivitetar var nokre av tilboda.

Nærare 10 000 4H-prosjektar ble gjennomført i løpet av 2018. Og snart går startskotet for ny prosjektgjennomføring på digitalisert vis. Vi er superstolte over endeleg å kunne tilby en spennande og helt ny måte å gjennomføre de tradisjonelle 4H-prosjektene på. I året føre oss vil vi etter planen både ha skapt ny heimeside og ny prosjektplattform.

På denne måten vil sentralstyret få takke alle ivrige sjeler for et godt drevet 4H-år. Saman er vi sterke og løfter organisasjonen framover. Vi gleder oss til et nytt spennande år.

Siri Nyglue

Styreleder 4H Norge



▼
LANDLEIR: På 4H-landsleiren i Rogaland var ein av aktivitetane «Frå slakt til middag». Der fekk deltakarane vera med på slakting. Dei lærte om avliving, partering og dyra sin anatomi. Kurset ble avslutta med sjølv laga middag.



INNHold

Leder	3
Strategisk målbilete 2015–2018	8
Landbruk.....	9
Entreprenørskap.....	10
Friluftsliv	11
Organisasjon	12
Vidle, fine og blaude landleir!	14
Internasjonalt.....	20
Administrasjon	22
Synleggjering.....	24
Kløverjakten	26
Nasjonale prosjekt.....	27
Tal.....	30

2018

Ordfører i årsmøtet

Fram til landsmøtet:

Ordfører: Simen Saxebøl (Østfold)

Varaordfører: Thor Christian Grosås
(Akershus og Oslo)

Landsstyremedlemmer

Styreløyer: Siri Myhre (Vestfold)

Sentralstyrets medlemmer valt på landsmøtet 2018:

Torgeir Timenes Bell, nestleiar (Sogn og Fjordane)

Helle Formo Hartz (Buskerud)

Martin Holmen (Hedmark)

Torbjørn Joa (Rogaland)

Vilde-Alida Nilsen (Troms)

1. varamedlem: Raymond Kirknes (Agder)

2. varamedlem: Siri Lunde Heggebø
(Akershus og Oslo)

3. varamedlem: Astrid Wehn (Trøndelag)

Tilsettpresentant: Turi Elise Kaus

Tilsettpresentant, vara: Beate Johansen

Norske 4H-alummar sin representant i styret:

Jørgen Vaaden

4H-gård Norge sin representant i styret:

Ole Mathis Opstad Kruse

Landsstyret

På landsmøtet i juli 2018 blei det vedtatt å innføre eit nytt demokratisk organ i 4H. Det tidlegare landsstyret er no eit sentralstyre, og det er innført eit landsstyre bestående av sentralstyret, fylkesstyreløyerane, 4H-gård Norge og Norske 4H-alummar. Styreløyer Siri Myhre er også landsstyrets leiar.



LANDSMØTET: Landsmøtet er 4H Norges høgste organ og vert avhalde annakvart år i forkant av landsleiren. Landsmøtet vedtok mellom anna ny styringsmodell og ny strategi for perioden 2018–2024. 4H skal bli større, jobbe smartare og bli meir synleg.

Æresmedlemmer

Olav Vebjørn Tandberg, Martin Stavrum, Kristen Bartnes, Lars Aamodt, Godtfred Skuterud, Leiv Sølberg, Eivind Mjærum, og Jorit Bratteng Aanes.

Tildelte æresdiplom

Desse fekk tildekt æresdiplom i 2018: Åse Marit Hodnefjell (Rogaland), Torunn Stalleland Austefjord, Mari Kiil (Troms), Anstein Imeland (Agder), Rune Solberg (Hordaland), Vidar Myksvoll (Hordaland).

Sentralstyret tildeler æresdiplom etter anbefaling frå fylka.



4H NORGE SITT NYE SENTRALSTYRE, VALT PÅ LANDSMØTET 2018:

Foran f.v.: Torgeir Timenes Bell og Torbjørn Joa. Bak f.v.: Helle Formo Hartz, Turi Elise Kaus, Vilde-Alida Nilsen, generalsekretær Signe Lindbråten, nyvalgt leder Siri Myhre og Siri Heggebø. Martin Holmen, Raymond Kirknes og Astrid Wehn var ikkje til stades da biletet vart teken.



Medlemsorganisasjonar

Det Kongelige Selskap for Norges Vel, Det norske Skogselskap, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norges Bygdekvinneleg, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

Samarbeidsorganisasjonar

Landbruks- og matdepartementet, Norsk Landbrukssamvirke, Gartnerhallen SA, Geno SA, Gjensidige Forsikring ASA, Hoff SA, Honningcentralen, Landkreditt SA, Norsk Kjøttfeavlslag, Norsk Sau og Geit, Norske Felleskjøp SA, Norges Pelsdyrslag, Norsvin SA, Nortura BA, Tine SA, TYR, Norsk Landbruksrådgivning, Friluftslivets fellesorganisasjon, Rural Youth Europe, 4H the Gambia, LNU, Frivillighet Norge, Av-og-til, Det Norske Hageselskap, Norges Bygdeungdomslag, fylkesmennes landbruksavdelingar og fylkeskommunane.

Styret i Norske 4H-alummar (N4HA)

Leiar: Stine Merethe Horntvedt

Nestleiar: Jørgen Vaaden

Kasserar: Andrine J. Fossum

Sekretær: Thea T. Hovda

Styremedlem: Håkon Berre

1. varamedlem: Bodil Marie Aune

2. varamedlem: Kim Nessa

3. varamedlem: Christine Lindgren

Styret blei valt på N4HA sitt årsmøte 22.07.18.

Styret i 4H-gård Norge

Leiar: Astrid Lindstad

Styremedlem: Cecilie Pedersen

Styremedlem: Guro Kristi Holmberg

Styremedlem: Jessica Kennedy-Barlaup

1. varamedlem: Lise Halvorsen

2. varamedlem: Sigurd Årskaug

Landsstyret sin representant: Ole-Mathis Kruse

Styret blei valt på 4H-gård Norge sitt årsmøte 02.02.18.

Strategisk målbilete 2015–2018

▼
MATAMBASSADØRANE: Carina Bolme Lund (15) og John Magne Gjønnnes (16) gjesta «Wenches kjøkken» i God morgen Norge på TV2, 22. mai 2018. Som matambassadører har Carina (Gaupa 4H) og John Magne (Fjellvåken 4H) haldt matverkstad i sine respektive 4H-klubbar i Trøndelag.



4*

1

Gjev kunnskap og kjennskap til mat og naturbruk, gjev opplæring i entreprenørskap og er med på å skapa liv i nærmiljøet i by og bygd.

Landbruk

Naturbruksnæringa

I alt 141 kurs med tema naturbruk, mat og dyr, blei gjennomført rundt om i fylka – med til saman

1 335 deltakarar. I klubbane har heile 2 771 barn og unge vore på gardsbesøk, og 50 klubbar hadde arrangement på Skogdagen.

4H Norge har mykje godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane innanfor naturbruk, både fagskular og høgskular, rundt om i landet. Mange tilsette har sine kontor plassar der, og det blir arrangert leirar og kurs på disse institusjonane.

Unge kokker

4H Norge samarbeidde med Unge kokker om prosjektet «Smart mat for ungdom på fritid». Gjennom prosjektet lærer 4H-arane kreativ, spanande og sunn matlaging. Det blei utdanna såkalla mat-ambassadører, som held matkurs i klubben eller på arrangement i fylket. Målet med prosjektet er å bidra til sunt kosthald og god helse blant barn og unge.

4H-gardsaktivitetar og samarbeid

4H har i alt 45 godkjende 4H-gardar og 2 godkjende 4H-setrer landet rundt. I 2018 fekk fem nye gardar status som godkjend 4H-gard. Det blei registrert 245 520 besøkande på 4H-gardane i 2018. Av desse var det 210 725 besøkande på aktivitetar med eit pedagogisk innhald. 4H-gardane har eit stort mangfald av aktivitetar, mellom anna ferietilbod, opne dagar, tilbod til skular, SFO og barnehagar, integreringsaktivitetar og tilbod til turistar.

Alle 4H-gardane er med i 4H-gård Norge, som tilbyr nettverk, kurs, seminar og internasjonale samarbeid.



▲
RENATE GRINDLAND: Renate driv Storemyr 4H-gård som blei offisielt opna med snorklipp, kake og hestedag for kløvermedlemmer 3. mai. Garden er Østfolds fjerde 4H-gard.

Tall frå 4H-gardane

2018: 45 godkjende 4H-gardar og to godkjende 4H-setrar i landet.

BESØKSTAL 4H-GÅRD NORGE 2018

TILBOD	BESØKANDE
Dagsbaserte aktivitetar og tilbod	187 018
Helg eller todagars aktivitetar og tilbod	3 540
Tre- til sjudagars aktivitetar og tilbod	2 980
Årsbaserte tilbod	17 187
Aktivitetar med eit pedagogisk innhald	210 725
Utan tilrettelegagte aktivitetar/pedagogiske tilbod	34 795
Besøkande totalt	245 520



ENTREPRENØRSKAP:

Det ligg mykje lærdom i eit 4H-prosjekt. Mellom anna kan 4H-arane lære om både produksjon – og sal – av ulike produkt.

Entreprenørskap

4H Norge satsar stort på verdiskaping og entreprenørskap. Ved å gjennomføre 4H-prosjekta sine driv 4H-arane entreprenørskap.

I Trøndelag blei pilotprosjektet «4H-ungdom gir verdiskaping i regionen» avslutta hausten 2018. Målet var at 4H-prosjekta i større grad skal bli drivne til å bli små bedrifter, som oppmuntrar 4H-arane ikkje berre til å lære om produksjon av varer, men også sal av produkt. Prosjektet blei finansiert av midlar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen i Trøndelag.

Det er eit mål at flest mogleg av 4H-prosjekta blir ei form for entreprenørskap, og at dei blir registrert i Brønnøysundregistera på lik linje med elevbedrifter i skulen.

4*

2

Har fleire aktive medlemmar som styrkar klubbane med høg aktivitet og stort engasjement.

Friluftsliv

Under open himmel

Under open himmel blei markert i samband med 4H-dagen 4. mai. 4H-arar over heile landet markerte dagen med å sove ute under open himmel. Mange arrangement var opne for andre, slik at både 4H-arar og andre inviterte hadde ei fin natt ute i det fri. I blant anna Vest-Agder var det samla 76 deltakarar som sov ute på 4H-garden Søstrene Kjevik i Arendal.

Markeringar

I løpet av året har det vore mange lokale markeringar knytt til friluftsliv, i tillegg til nasjonale markeringar i samarbeid med paraplyorganisasjonen vår, Norsk Friluftsliv.

I Friluftslivets veke i september blir det kvart år gjennomført ulike arrangement. 84 4H-klubbar markerte Friluftslivets dag (2. september) med til saman 2 081 deltakarar. Andre markeringar i 2018 var Skogdagen og Kystens dag, der høvesvis 50 og 15 klubbar deltok. Strandryddedagen blei markert med 1 255 deltakarar på ulike ryddeaksjonar rundt om i landet.

DIVERSE ARRANGEMENT I KLUBBANE	ARRANGEMENT	DELTAKARAR
Skogdagen	50	286
Friluftslivets veke og -dag	118	2 564
Kystensdag	15	235
Strandryddedagen	75	1 255
Gardsbesøk	95	2 771
Andre 4H-klubbarrangement		20 073
Sum deltakarar på diverse 4H-arrangement i klubbane		27 184

Klubbane er styrt av medlemne og medlemne opplever at organisasjonsdemokratiet fungerer.

Organisasjon

DAF-instruktørkurs

Kvart år arrangerer 4H Norge eit nasjonalt DAF-instruktørkurs som kvalifiserer til å halde DAF-kurs i fylka. Opplæringa går over to helger, pluss praksis i eige fylke. Det er Instruktørkursutvalet (IKU), som består av fire erfarne 4H-arar, som har ansvaret for fagleg innhald, planlegging og praktisk gjennomføring av DAF-instruktørkurset. I 2018 blei det utdanna 32 nye DAF-instruktørar.

Volleyball / Landkreditt cup

Volleyball er 4H-idretten. 4H arrangerer volleyballcup på leir og kurs, og mange klubbar har volleyball-aktivitetar på medlemsmøta sine. Også i 2018 var Landkreditt sponsor for volleyballcupane som blei gjennomført i samband med fylkesleirar og landsleir.

VOLLEYBALL 2018	
Volleyballtreningar	1 044
4H-arar som deltok på trening	3 763
Turneringar og liknande som klubben har deltatt på	322
4H-arar som deltok på turneringar	2 698

► **VOLLEYBALL:** Volleyball er 4H-idretten. Over 6000 4H-arar deltok på ulike volleyballtreningar- og turneringar i 4H-regi.

4H-klubbar

4H Norge hadde i 2018 530 aktive klubbar fordelt på 17 fylkeslag. Til saman sit det 3 197 barn og unge i klubbstyre og driv 4H-klubbar over heile landet.

Det blei gjennomført 15 DAF-kurs (drift av 4H-klubb = styrevervkurs). Nokre fylke samarbeider slik at alle klubbane har tilbod om å delta i styrevervopplæringa. Kursa gir tillitsvalde i 4H-klubbane opplæring i styrearbeid. Til saman 1 562 4H-arar deltok på DAF-kurs og andre kurs i demokratiopplæring.



KURS		
KURS	TAL	DELTAKARAR
Trivselsagent	3	26
Volleyball og sport	67	1 465
Matskole og matkurs	42	351
Annet	65	1 403
Friluftsliv	122	2 070
Kultur	100	812
Natur og Landbruk	99	984
Demokratiopplæring	130	2 133
Kurs totalt	628	9 244

STYREVERV I 4H KLUBBANE		
	JENTE	GUT
Leder	64 %	36 %
Nestleder	57 %	43 %
Kasserer	56 %	44 %
Sekretær	76 %	24 %
Styremedlem	54 %	46 %
Varamedlem	51 %	49 %
Totalt antall styremedlemmer	1914	1283
Prosentvis fordeling kjønn	60 %	40 %

KLUBBAR, 4H-GARDAR OG -SETRE	KLUBBAR 2017		KLUBBAR 2018		4H-GARDAR OG -SETRE	
	TELLENDE KLUBBAR 2017	TOTALT	TELLENDE KLUBBAR 2018	TOTALT	2017	2018
Østfold	28	34	30	32	2	4
Akershus og Oslo	22	25	23	24	2	2
Hedmark	29	31	29	30	2	2
Oppland	29	34	26	30	3	2
Buskerud	29	32	30	31	2	2
Vestfold	21	22	22	24	1	1
Telemark	18	21	17	20	1	1
Aust-Agder	13	14	14	15	1	1
Vest-Agder	8	10	9	10	1	0
Rogaland	36	36	36	36	1	2
Hordaland	36	38	38	38	3	1
Sogn og Fjordane	66	71	68	72	5	6
Møre og Romsdal	31	35	34	37	1	2
Trøndelag	88	99	85	96	9	7
Nordland	20	26	24	29	9	7
Troms	12	17	14	17	4	4
Finnmark	3	3	3	4	3	3
4H Norge		1		1		
Sum	489	549	502	546	50	47

Vidle, fine og blaute landleir!



Landsleir 2018

Nærare 1 000 4H-arar frå heile landet deltok på Landsleir 2018 på Øksnevad vidaregåande skole i Klepp kommune i Rogaland 21.–28. juli. Leir-deltakarane kom frå heile landet, frå Finnmark i nord til Agder-fylka i sør.

Mottoet for leiren var «Vidle, fine & blaute», og leirkomiteen ønskte at leirdeltakarane skulle få vidle naturopplevingar, oppleve den fine naturen i Rogaland og få blaute opplevingar i form av aktivitetar med vatn.

I løpet av veka leiren varte, var ungdommane gjennom eit variert og aktivt program. Under mottoet «å lære ved å gjere» fekk dei blant anna lære å lage sjokolade eller sushi, spele handball eller legge flott sminke, slakte eller lage gongkaker.

4H Rogaland, med sine 36 klubbar, var arrangør og laga ein leir med mange spanande aktivitetar, turar og opplevingar. Temaet for leiren var nærmiljø og identitet, og gjennom dette skulle leirdeltakarane bli betre kjent med kva mat- og landbruksfylket Rogaland har å by på.



NÆRMILJØ OG IDENTITET

DELTAKARAR

1 000



Anna kursverksemd

4H er medlem av Studieforbundet natur og miljø. I 2018 blei det samla, mellom lokale klubbar, fylkeslag og sentralleddet, halde 210 kurs som fekk støtte frå studieforbundet. Til saman hadde desse kursa 2 153 deltakarar, utgjorde 3 028 timar med kurs og gav 286 350 kr i tilskot. Det var registrert 10 943 dugnadstimar som blei lagt ned for å gjennomføre kursa.

KURS MED STØTTE FRA STUDIEFORBUNDET NATUR OG MILJØ

KURS	DELTA-KARAR	TIMAR	TILSKOT	DUGNADSTIMAR
210 gjennomførte kurs	10 943	3 028	286 350	10 943

AMATØRTEATER OG UNDERHALDNING

SPILLETID	ANTALL PRODUKSJONER	ANTALL FREMFØRINGER	ANTALL SKUESPILLERE	CA ANTALL PUBLIKUM
Under 20 minutter		187	1 644	10 998
Mellom 20-60 minutter	212	214	3 129	15 012
Over 60 minutter	52	113	915	5 272
Summer	264	514	5 688	31 282

KLUBBRÅDGIVAR:

Sjølv om ungdommen styrer mesteparten av arbeidet i 4H, må vaksne gje hjelp og støtte. Klubbrådgivarar er ein viktig ressurs for 4H-arbeidet.

Klubbrådgivarar

4H hadde i 2018 1 637 registrerte klubbrådgivarar, vaksne frivillige som har som oppgåve å støtte klubbane og spesielt klubbstyra. Det blei gjennomført 10 klubbrådgivarsamlingar der dei vaksne fekk opplæring, inspirasjon og høve til å utveksle erfaringar.

KLUBBRÅDGIVAR PR FYLKE

FYLKE	TOTALT
4H Østfold	89
4H Akershus og Oslo	65
4H Hedmark	79
4H Oppland	78
4H Buskerud	105
4H Vestfold	74
4H Telemark	42
4H Aust-Agder	35
4H Vest-Agder	30
4H Rogaland	175
4H Hordaland	123
4H Sogn og Fjordane	213
4H Møre og Romsdal	110
4H Nordland	44
4H Troms	54
4H Finnmark	30
4H Trøndelag	291
Totalt	1 637

Fylka

Det er stor og god aktivitet i fylkeslaga. I 2018 blei det gjennomført 17 ordinære fylkesårsmøte, 12 fylkesleirar med 1 820 deltakarar og 10 aspirantleirar med 724 deltakarar. Det blei òg halde ekstraordinære årsmøte i Aust- og Vest-Agder, der dei vedtok å slå seg saman til eitt fylkeslag. I 2018 heldt landsstyret fram med fylkesdialogar.

Fylkesstyreopplæring

I 2018 blei det laga ein opplæringsmodell som skal gi tillitsvalde på fylkesnivå kunnskap om styrearbeid, verva, organisasjonen, strategi, utviklingsarbeid, planlegging og styring. Målet med fylkesstyreopplæringa er nettverksbygging, erfaringsutveksling, refleksjon, debatt, deling og systematisk opplæring. Opplæringa er bygd opp gjennom modular med ulikt faginnhald.

I dei fire vestlandsfylka blei det gjennomført ei modulbasert fylkesstyreopplæring, Oppstyr. Resultata frå pilotprosjektet er no tilgjengeleg nasjonalt og for alle fylka som ønskjer å ta i bruk modellen.

Tal på årsmøte

Alle fylka i 4H heldt årsmøte i 2018.

Regionar

Administrasjonen i 4H Norge er delt inn i åtte regionar:

REGIONAR	
Region Nord:	Finnmark, Troms og Nordland
Region Midt:	Trøndelag
Region Nord-Vest:	Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane
Region Sør-Vest:	Hordaland og Rogaland
Region Agder:	Vest-Agder og Aust-Agder
Region BTV:	Buskerud, Telemark og Vestfold
Region Øst:	Østfold, Akershus og Oslo
Region Innlandet:	Oppland og Hedmark

FYLKESSTYRELEIARAR

4H Østfold:	Nina Bredesen Granum
4H Akershus og Oslohus:	Johan Blakkisrud
4H Hedmark:	Martin Holmen
4H Oppland:	Caroline Kløverud
4H Vestfold:	Bjørn Harald Iversen
4H Hordaland:	Jens Håkon Birkeland
4H Sogn og Fjordane:	Erik Vikøren
4H Møre og Romsdal:	Berit Fredriksen
4H Trøndelag:	Malmfrid Ervik
4H Rogaland:	Torbjørn Joa
4H Finnmark:	Mona Danielsen
4H Nordland:	Margrethe Ulvøy Renolen
4H Vest-Agder:	Juni Haraldstad
4H Buskerud:	Hege Pynntari
4H Telemark:	Line Funke
4H Troms:	Laila Gamst

LEIRAR	TAL	DELTAKARAR
Aspirantleir	10	724
Fylkesleir	12	1 820
Landsleir	1	827
Totalt	23	3 371

3 371
DELTAKARAR

Landsstyret/sentralstyret

Landsstyret blei på landsmøtet i juli døypt om til sentralstyret. Dei hadde åtte styremøte i 2018. Det har vore ei viktig prioritering for styret dei siste åra å ha eit sterkt samarbeid med fylkesstyra, og å ta temperaturen på kva retning grasrota i organisasjonen ønskjer å ta. Styret har difor halde fram med å dyrke egne kommunikasjonslinjer med fylkesstyra, hatt fadderordning med egne kontaktpersonar for det einskilde fylket og lagt fylkesstyremøta i regionane. Styret hadde i 2018 fylkesdialogar med åtte fylke fordelt på fire regionar: Finnmark, Troms og Nordland (region Nord), Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane (region Nord-Vest), Buskerud, Telemark og Vestfold (region BTV) og Trøndelag.

På landsmøtet i juli blei det oppretta eit nytt landsstyre bestående av fylkesstyreleiarar, 4H-gård Norge og N4HA. Landsstyret hadde sitt fyrste møte i november 2018 på Gardermoen.

Landsstyret inviterte i januar til rådsmøte for å få tilbakemeldingar og innspel på saker til landsmøtet, mellom anna ny strategi for 4H og ny styringsmodell.

Landsmøtet

Landsmøtet er 4H sitt øvste organ og blei i 2018 halde på Sola i Rogaland 20.–21. juli. Landsmøtet hadde 70 deltakarar. Dei viktigaste sakene som blei vedtatt, var ny strategi – større, smartare, synlegare – og ny styringsmodell der ein oppretta eit sentralstyre valt direkte på landsmøtet og eit landsstyre bestående av fylkesstyreleiarar, sentralstyret og representantar frå 4H-gård Norge og N4HA. Landsmøtet vedtok òg ei fråsegn der 4H Norge krev besøks Gardar i alle landets kommunar.

MEDLEMMER I ALUMNKLUBBANE

942

Norske 4H-alumnar (N4HA)

Stine Merethe Horntvedt blei valt til leiar for Norske 4H-alumnar på årsmøtet deira, som blei halde på landsleir i Rogaland.

Norske 4H-alumnar heldt vaksenleiar kurs på Lillehammer med mellom anna fysisk og psykisk fyrstehjelp som tema. Kurset har leiarar på leir som målgruppe og hadde 27 deltakarar i 2018.

Per 31. desember 2018 var det 18 alumnkubbar, éin i kvart fylke (unntatt Finnmark), pluss NIFYEA (Norske IFYE-alumnar). Trøndelag har 2 alumnkubbar. Totalt var det 942 medlemmer i alumnkubbane per 31. desember 2018, som er ein auke på vel 4 prosent.

FYLKESNAVN	ALUMNAR
FHALIØST (Østfold)	52
GVAA-SDH? (Akershus og Oslo)	68
HOMLA (Hedmark)	36
OPAL (Oppland)	46
BASE (Buskerud)	49
VIGGA (Vestfold)	78
TeleAlumn (Telemark)	13
A3 (Aust-Agder)	27
SVEA (Vest-Agder)	28
RAA (Rogaland)	100
H.A.N.S.A (Hordaland)	55
SOFA (Sogn og Fjordane)	102
Møre og Romsdal	58
STÆA og NTAK (Trøndelag)	139
N.Ø.F.F. (Nordland)	33
AK Jurtappen (Troms)	18
Almnar i Finnmark	1
NIFYEA	39
Sum 2018	942

4

4

Har gjort 4H-prosjekt meir tilgjengelege, meir dynamiske og lagt til rette for at medlemmane kan ta større ansvar for eiga læring.

4H-prosjekta

4H-prosjekta er ein av pilarane i 4H. I 2018 blei det gjennomført 9 228 4H-prosjekt. Dei mest populære 4H-prosjekta er knytt til 4H sin kjerneaktivitet innan landbruk og friluftsliv, og i tillegg fotografering. Mange vel òg «Fritt val»-prosjekt og lagar egne opplegg for prosjekta sine. I påvente av ny digital prosjektplattform blei det ikkje utvikla nye 4H-prosjekt.

Når ein har gjennomført sju godkjende prosjekt og 4H-år, får ein den høgaste utmerkinga i 4H: Plaketten. I 2018 var det 589 nye plakettmottakarar.

Digitalisering av 4H-prosjekta

Landsmøtet har vedtatt at 4H-prosjekta skal digitaliserast og moderniserast. Dette arbeidet blei starta i 2018. Tre frivillige grupper blei sett ned: prosjektgruppa, framtidambassadørar og tre framtidskubbar. Saman med prosjektleiar har dei ansvar for å utvikle og teste den nye måten å gjennomføre 4H-prosjekt på. Utviklingsarbeidet med ny digital prosjektplattform held fram i 2019.

FORDELING AV 4H-PROSJEKT PÅ TEMA

FAGOMRÅDE	TAL
Aspirant	2 367
Kultur og idrett	1 891
Landbruk	1 281
Samfunn	1 228
Friluftsliv	1 146
Kosthold og mat	771
Fritt val	444
Totalt	9 128

15 MEST POPULÆRE 4H-PROSJEKT

4H-PROSJEKT	TAL
Fritt valg	1 700
Aspirant	1 325
Fritt val	1 103
4H-fotografen	529
Friluftsliv	491
Baker'n	483
Vi baker	357
Aspirant, bokmål	303
Vi lagar leir	279
Form og fantasi	246
Hund	232
4H-kokken	193
Bli med ut	168
Jakt og fangst	121
Husdyra	117
Totalt	9 128

PROSJEKT

9 128

Utviklar og engasjerer medlemmar mellom 15–18 år og har med det vorte meir attraktive for denne gruppa.

Internasjonalt

International 4H Youth Exchange (IFYE)

4H Norge hadde i 2018 samarbeidsavtale med Taiwan, USA, Colorado, Costa Rica, Tyskland, Austerrike, Sveits, England, Skottland og Nord- Irland.

4H Norge fekk besøk av ni tilreisande IFYE-arar, og det var fem som reiste frå Norge til ulike land på IFYE-utveksling. Utvekslinga er ei moglegheit for dei mellom 18 og 30 år.

USA-utveksling

Sidan 80-talet har 4H Norge og 4H i USA samarbeidd om ei utveksling for dei mellom 15 og 18 år. Utvekslinga er organisert slik at amerikanarane kjem til Norge i partalsår, medan vi nordmenn drar til USA i oddetalsår. I 2018 var 4H Norge vertskap for 19 amerikanske 4H-arar mellom 15 og 19 år i fire sommarveker.

Vertsfamiliar

56 familiar frå alle fylka opna heimen for ein internasjonal 4H-ar. 4H Norge takkar alle familiare som bidrog og tok imot våre internasjonale vener i heimen. 4H hadde ikkje kunna hatt dei utvekslingsprogramma vi har, utan dei frivillige som stiller opp som vertsfamiliar.

Rural Youth Europe (RYE)

RYE er eit europeisk samarbeidsorgan mellom organisasjonar for bygdeungdom i Europa. Tematikken på kursa og samlingane til RYE har i 2018 vore ungdom si deltaking og moglegheit til å påverke situasjonar i Europa.

4H Norge kan senda deltakarar på seminara til RYE og har hatt deltakarar på desse:

Study Session i Ungarn, European Rally i Skottland og Autumn Seminar i Finland. I tillegg deltok generalsekretæren på årsmøtet i RYE i Skottland.

RYE-ARRANGEMENT	DELTAKARAR
Study Session i Ungarn	4
European Rally i Skottland	3
Autumn Seminar i Finland	1
Totalt	8

VERTSFAMILIER

56



▲ **STYRINGSGRUPPA:** Styringsgruppa har i november på sitt årlege prosjekt-besøk til 4H i Gambia.

Gambia

4H Gambia har etter eit 30 år langt samarbeid med 4H Norge vakse seg både store og påverknadsrike og har om lag 10 000 medlemmer fordelt på 65 4H-klubbar og 16 barneskular, som får opplæring i organisasjonsarbeid, hagebruk og andre inntektsbringande aktivitetar. Styringsgruppa var i november på sitt årlege prosjektbesøk til 4H i Gambia. Etter eit nord-sør-seminar på Gardermoen i romjula starta 16 4H-arar si 14 dagar lange studiereise til Gambia.

Apatity 4H i Russland

4H Finnmark fekk prosjektmidlar frå Barentssekretariatet for å besøke Apatity 4H i Russland. Ti ungdommar frå Nordland, Troms og Finnmark, to reiseleiarar (Nordland og Troms) og ein organisasjonsrådgivar frå Finnmark reiste til Russland 9.–12. november. Det var ein flott tur, og det var veldig lærerikt å sjå korleis dei driv 4H i Apatity.

MEDLEMMER I GAMBIA

10 000

Brukar dei økonomiske og menneskelege ressursane i organisasjonsapparatet på best mogleg måte.

Administrasjon

Administrasjon – regionane

4H hadde i 2018 eit sentralt sekretariat på Hellerud gard i Skedsmo kommune, åtte regionkontor, og kontorplassar i alle fylke. Det blei gjennomført to landskurs for alle tilsette og ei regionleiarssamling. På organisasjonsnivå held den gamle fylkesstrukturen fram, med unntak av for dei fylka som sjølve har sett i gang samanslåingsprosessar. Den nye landsstyremodellen har gitt fylkesstyra og sentralstyret ein ny arena for samhandling. I dei fleste regionane er det samarbeid mellom fylkeslaga, både om prosjekt og om einskilde samlingar, utan at det ligg føre nokon fast struktur for dette.

Økonomi

Omsetninga var på 30 126 055 kroner, og resultatet viser eit overskot på 1 468 382 kroner. Budsjettet for 2019 er lagt opp til at vi skal gå tilsvarande i underskot. Likviditeten er vurdert til å være god.

Medarbeidarar

Sentralt tilsette utgjorde i alt 34,9 årsverk per 31. desember 2018 i 4H Norge. Av desse er 17,7 årsverk fordelt på sekretariatet og regionleiarar finansiert av 4H Norge, og 17,2 årsverk fordelt på organisasjonsrådgivarar og prosjektstillingar er finansiert av fylka. Nokre tillitsverv i 4H er også tilkjent ein viss økonomisk kompensasjon. Signe Lindbråten er generalsekretær i 4H Norge.

ÅRSVERK

34,9



◀ **LANDSKURS:**
Alle tilsette var samla til landskurs i Skedsmo i april.

▶ **I 4H er det sosialt, aktivt og morosamt.**



Er tydelege, og enkle å snakke med.

Synleggjering

Målet er å ha oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon i kanalane våre. Vi skal vere aktive og til stades i dei kanalane der hovudmålgruppa vår, barn og unge i medlemsalder, er. Målet er å skape ein tett dialog og dele hendingar knytt til 4H.

Medlemsblad

AKTIVITET hadde i 2018 to utgåver, med eit opplag på 11 200 og 10 500 kvar. Det er ein nedgang i opplaget på 4,87 prosent samanlikna med året før.

AKTIVITET	2018	2017	ENDRING
Opplag nr. 1	11 200	11 700	-4,3%
Opplag nr. 2	10 500	11 100	-5,4%

Kjelde: 4H Norge

OPPLAG

11 200

Nettside

I 2018 var talet på besøkande på 4H Norge si nettside 203 378. Det er ein nedgang på 8,6 prosent frå året før.

4H.NO	2018	2017	ENDRING
Tal på besøkande www.4h.no	203 378	222 538	-8,6 %
Gjennomsnittlig sider besøkt pr økt	3,84	3,91	-1,8 %
Gjennomsnittleg besøkstid	3 min 18 sek	3 min 29 sek	-5,2 %

Kjelde: Google Analytics

Prosjekt nye nettsider

I 2018 starta arbeidet med å utvikle nye nettsider for 4H Norge. Det blir utarbeidd ei nasjonal side og fylkessider.

BESØK 4H.NO

203 378

Facebook

Facebook blir brukt aktivt til deling av nyheiter, informasjon om arrangement, kurs, fristar og meir til.

FB	2018	2017	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Totalt tal følgjarar	7 419	6 947	472	6,8 %
Likarklikk	7 582	7 229	353	4,9 %

Kjelde: Facebook

Instagram

Gode visuelle videoar/bilete og korte tekster skal bidra til at følgjarane skal komme på innsida og få ei kjensle med kva 4H er.



7 419

Informasjon til 4H-klubbane

Klubbservice er eit elektronisk informasjonsskriv som blir sendt til alle 4H-klubbar. Sjølve skrivet inneheld relevant informasjon, slik at 4H-arane kan skape aktivitetar lokalt. Det blei sendt to utgåver av klubbsservice i 2018 – ein på våren og ein på hausten.

Presseoppslag

Totalt var det 1 652 treff/presseklipp på 4H Norge sin profil på medieovervakingstenesta til m-Brain i 2018.

LEIRAR

Landsleir 2018	80
Fylkesleirar	81
Aspirantleirar	10

Landsleir 2018 fekk god lokal mediedekning. I tillegg besøkte både NRK Østfold TV og NRK Østfold radio leiren, som resulterte i fine innslag om leiren.

Det har også vore god dekning i media av lokale leirar. 4H i fylka har såleis gjort seg synlege i lokalsamfunn over hele landet.

HAUST- OG PLAKETTFESTAR

ARTIKLAR

Hauستفستار	142
Plakettfestar	46

Kjelde: mBrain.com

Kløverjakten

Kløverjakten er ein app/konkurranse for 4H-arar. I konkurransen samlar deltakarane kløverpoeng ved å gjere ulike månadlege utfordringar og å besøke naturmøteplassar, 4H-gardar og 4H-setrer. Kvar månad har eit eige tema med spanande utfordringar. I appen kan deltakarane følgje konkurransen, sjå samla kløverpoeng og vinne premiar.

I 2018 var Kløverjakten delt inn i to sesongar, ein frå januar til juni og den andre frå juli til desember. I løpet av året blei 313 utfordringar starta, fordelt på 58 enkeltbrukarar.

UTFORDRINGAR

313



Nasjonale prosjekt

▲ **PROSJEKT OPPDAG!**
har som mål å skape aktive nærmiljø gjennom friluftaktivitet for fleire.

Oppdag!

I 2018 var det mykje aktivitet knytt til i det nasjonale friluftslivprosjektet Oppdag!, og målet om å skape aktive nærmiljø gjennom friluftaktivitet for fleire er godt i gang.

Prosjektet har tre tiltak:

Friluftsheltar: Dette er eit kurstilbod til 4H-arar med erfaring frå friluftsliv som ønskjer å bidra til meir friluftaktivitet i nærmiljøa sine. Kurset er organisert i to trinn, der det blir utdanna instruktørar nasjonalt, som vidare held kurs i sitt eige fylke for 4H-medlemmer. Etter pilottest og utprøving er 13 friluftsheltinstruktørar under utdanning i 2018/2019. Kurset er godkjent som studieplan hos Studieforbundet natur og miljø.

Workshop utemat: Det blei arrangert 35 workshopar med til saman nærmare 64 000 deltakarar. Gjennom workshopane er det samla inn bilete og oppskrifter, som i tråd med prosjektplanen skal redigerast og ferdigstillast i ei aktivitetsbok i løpet av 2019.

Aktivitetsdagar: Gjennom lokale aktivitetsdagar på 4H-gardar og naturmøteplassar er det arrangert ulike aktivitetar. 59 arrangement med totalt 76 553 deltakarar er gjennomført. Arrangementa har vore alt frå aktivitetsdagar til turar med overnatting, kurs og leir.

Totalt er det brukt om lag 3 595 dugnadstimar i prosjekt Oppdag!. Prosjektet er støtta med prosjektmidlar frå Miljødirektoratet og Kulturdepartementet.



▲ **LARS MURITEIGEN** fra Lia 4H i Oppland slo fra seg i smia, da han deltok på kurs i tradisjonshåndverk.



▲ **KLØVERMEDLEM SONDRE SEBU** liker å være ute og lære nye ting. Det morsomste med å være kløvermedlem er å sove under åpen himmel og reise på leir, synes han.



ANTALL PLAKETTMOTTAKERE

FYLKE	TOTALT
4H ØSTFOLD	47
4H AKERSHUS OG OSLO	25
4H HEDMARK	32
4H OPPLAND	27
4H BUSKERUD	35
4H VESTFOLD	41
4H TELEMARK	13
4H AGDER- AUST	14
4H VEST-AGDER	7
4H ROGALAND	71
4H HORDALAND	53
4H SOGN OG FJORDANE	83
4H MØRE OG ROMSDAL	30
4H TRØNDELAG	94
4H NORDLAND	9
4H TROMS	8
4H FINNMARK	0
Sum plakettmottakere	589



KAREN M. KYLLESØ (15 ÅR)
 frå Jerv 4H i Ryfylke, Rogaland,
 hadde Fritt val som 4H-prosjekt;
 «Ut på tur med pulk». Hun er den
 yngste jenta i verden som har krysset
 Grønland på ski. Foto: Jon Kolstø

MEDLEMMER

Tjenestenr	105	108	103	113	107	104					
FYLKESNAVN	ALUMN	ARRANGEMENT	HOVEDMEDLEM	KLØVER	STØTTEMEDLEM	SØSKEN	TOTALT MEDLEMSTALL 2018	KLUBBRÅDGIVER 2018	TOTALT INKL KLUBBRÅDGIVER 2018	TOTALT MEDLEMSTALL 2017	2017 UNDER 26 ÅR
4H ØSTFOLD	52	2	594	29	17	225	919	89	1 008	994	965
4H AKERSHUS OG OSLO	68		287	30	7	102	494	65	559	586	529
4H HEDMARK	36	2	509	25	15	187	774	79	853	773	751
4H OPPLAND	46	1	335	31	21	109	543	78	621	582	563
4H BUSKERUD	49	9	548	23	17	190	836	105	941	811	783
4H VESTFOLD	78	7	399	16	12	128	640	74	714	643	608
4H TELEMARK	13		170	19	4	54	260	42	302	269	261
4H AUST-AGDER	27		161	17	6	69	280	35	315	293	276
4H VEST-AGDER	28		104	7	8	51	198	30	228	207	183
4H ROGALAND	100	2	896	29	41	371	1 439	175	1 614	1 441	1393
4H HORDALAND	55	1	644	43	10	266	1 019	123	1 142	1 080	1059
4H SOGN OG FJORDANE	102		911	41	8	439	1 501	213	1 714	1 674	1618
4H MØRE OG ROMSDAL	58		356	49	6	131	600	110	710	618	593
4H TRØNDELAG	139	4	1 395	95	21	549	2 203	291	2 494	2 196	2109
4H NORDLAND	33	102	168	61	17	43	424	44	468	447	411
4H TROMS	18		115	47	9	61	250	54	304	270	254
4H FINNMARK	1		37	32	30	10	110	30	140	91	76
4H IFYE	39						39			12	
Sum 2018	942	130	7 629	594	249	2 985	12 529	1 637	14 127	12 987	12 432
Sum 2017	905	98	8 043	584	201	3 156	12 987	1 636	14 611		
Sum 2016	898	79	8 301	518	194	3 206	13 196	1 753	14 949		
Sum 2015	907	92	8 769	549	100	3 284	13 701	1 754	15 455		
Sum 2014	946	78	9 050	528	10	3 365	13 977	1 589	15 566		
Sum 2013	867	78	9 048	473	14	3 447	13 927	1 700	15 627		
Endringer 2017–2018	37	32	-414	10	48	-171	-458	1	-484		



4h.no